

A photograph of two women lying down, one with dark skin and curly hair, the other with light skin and straight hair. They are looking towards the camera. The image is used as a background for a document cover.

TATOVERING

STUDIEMATERIELL

DET
NORSKE
TEATRET



Dette skal *ikkje* handle om meg...

Tatovering er ei djupt personleg, ærleg og eksplosiv forteljing om ei ung kvinne som har vakse opp i eit maskulint miljø, men med ein fråverande far. Gjennom tilbakeblikk møter ho seg sjølv som ungdom. Dei to – den unge vaksne og den unge jenta - er ueinige om kva som er sant, og korleis dei ønskjer at historia skal bli fortald. Og ikkje minst er dei ueinige om kva ein kan eller bør snakke om.

Dette skal ikkje handle om meg, seier hovudpersonen fleire gonger i stykket. Men det er kanskje akkurat det det gjer. Det handlar om å vere ei ung kvinne i 20-åra. Om kven ein var før, og kva opplevingar som formar oss som menneske. Og korleis du skal takle at far din, som du ikkje kjenner, no skal dø på eit sjukehus langt unna ...

Tatovering er skrive og sett i scene av Anna Malzer, som også har regi på framsyninga på Rommen Scene. Historia er lagt til ei blokk, i ein forstad. Ein stad der det finst over 20 ulike språk, der graffittien framleis er rykande fersk på veggane og musikken dunkar frå bilar.

I dette studiemateriellet finn du artiklar, utdrag frå manus og oppgåver som passar til framsyninga. Desse er tilpassa vidaregåande nivå.

Eg håper de får ei fin oppleving med *Tatovering*!

Beste helsing

Erlend Tårnesvik Dreiås
Formidlingsdramaturg
Det Norske Teatret

På scenen



Kaia Varjord



Ellen Bendu

Kunstnarleg lag

Skrive og regissert av
Anna Malzer

Omset til norsk
Ida Hove Solberg og Sofia
Knudsen Estifanos

Scenograf
Simone Batholin

Lyddesignar
Emil Bøll

Lysdesignar
Mikkel Givskov

Musikkansvarleg
Svenn Erik Kristoffersen

Dramaturg
Ann-Sofie Berthelsen og
Anna Albrigtsen

Foto frå framsyninga
Monica Tormassy/
Det Norske Teatret



Oppgåver til framsyninga

Her kjem oppgåver som er relevante for framsyninga *Tatovering*. Vel ut og gjennomfør dei aktivitetane som passar for klassen og tida de har til rådvelde. Nokre av oppgåvene kan de gjere før de har sett framsyninga, andre passar best etter de har sett framsyninga.

Elevane kan velje seg ei oppgåve som dei kjem med svar på sjølv. Men mest moro er det å diskutere saman i klassen. Kanskje de har oppfatta og tolka ting heilt ulikt! Teateropplevinga blir betre av å snakke om ho i fellesskap. Det er også mogleg å kombinere felles og individuelle oppgåver, munnlege og skriftlege oppgåver. Finn det som passar best for di gruppe.

Oppgåve 1: Om språk

Høyr på podkasten *Språkoppdraget*, episoden med regissør Anna Malzer. (Sjå side 7 i dette studiemateriellet)

- På kva måtar skil dansk språk seg frå norsk språk? Kom med eksempel.
- Synes du det er vanskeleg å forstå dansk? (Kvifor/kvifor ikkje)
- I podkasten snakkar dei om omgrepet 'falske venner' i språket. Kva betyr det?
- Kom med eksempel på falske venner i dansk/norsk. (Frå podkasten: grine, bolle, kneppe).
- Kom med eksempel på falske venner i andre språk, t.d. engelsk/norsk.
- Anna Malzer snakkar om sosiolekta si frå der ho vaks opp. Kva er ei sosiolekt?
- Kvifor følte Anna Malzer at ho måtte endre sosiolekta si?

Oppgåve 2: Om språk og identitet

- På kva måte heng språk og identitet saman, tenkjer du?
- Kva språk snakkar de heime hos deg?
- Har du opplevd situasjonar der språket ditt har inkludert eller ekskludert deg frå ei gruppe?
- På kva måte trur du språk, dialekt og sosiolekt kan reflektere sosioøkonomisk status eller tilhøyrsla til ei gruppe?
- Korleis blir du påverka av andre sitt språk?
- Har du nokon gong følt eit press for å tilpasse eller endre språket ditt for å passe inn i bestemte miljø eller situasjonar?

Oppgåve 3: Frå manus

Les dei to utdraga frå manus i dette studiemateriellet. (Sjå side 8-17)

Etter de har lese utdrag 1:

- Samanlikn den danske og den norske teksten. Kva for skilnadar finn de mellom den danske og det nynorske versjonen? Ord, uttrykk, setningsoppbygning osv.
- Kva frå ein vite om Sara i dette utdraget?

- Kva får ein vite om far hennar?

Etter de har lese utdrag 2:

- Kva kjenner Nana/Meg for Ibrahim basert på dette utdraget?
- Kva tenkjer Ibrahim om Nana/Meg?

Etter de har sett framsyninga:

- Korleis blei desse to scenene løyst på scenen? Var det annleis enn de trudde? Diskuter i klassen.

Oppgåve 4: Foreldre og barn

Den unge kvinna vi møter i framsyninga har eit vanskeleg forhold til sin eigen far, som no er alvorleg sjuk. At han er sjuk, blir kanskje for nært fordi dei ikkje er nære? Å gå frå å vere barn til å bli vaksen kan påverke forholdet ein har til sine foreldre. Plutseleg ser ein dei på ein ny måte.

Diskuter i klassen:

- Kva kan vere grunnar til at forholdet mellom forelder og barn endrar seg?
- Må ein stille opp for far sin når han blir sjuk, eller kan det vere gode grunnar til ikkje å stille opp?
- Er det normalt å bli flau over eigne foreldre? I kva situasjonar i så fall?
- Er det greitt å ikkje like sine eigne foreldre? Kva kan vere årsaken?

Oppgåve 4: Snakk om teateropplevinga

Passar etter at de har sett framsyninga.

Det er alltid moro å snakke saman etter ei teateroppleving. Her kjem nokre punkt de kan bruke som utgangspunkt for samtalar om dei ulike elementa i framsyninga.

Beskriv og diskuter handling og forfattar

- Kva handlar stykket om? Kan de gjenfortelje handlinga i fellesskap?
- Kva for tema er viktige i denne framsyninga?
- Veit de noko om Anna Malzer som har skrive skodespelet og har regi?

Beskriv og diskuter personane i stykket

(Tenk på korleis dei framstod på scenen, kostymer, kroppsspråk, osv.)

- I stykket møter vi Nana og Sara. Dei er den same personen, men ein yngre og ein eldre utgåve. Korleis forstår ein at det er same person?
- Kven er dei, kva forhold har dei og kva er viktig for dei?
- Kva er fellestrekk og skilnadar på dei?
- Er det personar som endrar seg i løpet av framsyninga? Kva er det eventuelt som gjer at dei endrar seg?
- Kva for andre personar får vi høyre om i framsyninga, og kva for rolle spelar dei i handlinga?

Beskriv og diskuter scenografien

Scenografi er dei store tinga ein ser på scenen. Dei mindre tinga på scenen som skodespelarane brukar, kallar vi for rekvisittar.

- Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.
- Var det noko de synest var bra laga på scenen?
- Var det noko de synest var rart?
- Korleis brukte dei lyset?

Dramaturgi

Dramaturgi handlar om korleis ein fortel ei historie. For ei historie kan alltid bli fortalt på mange ulike måtar. Ein kan starte med slutten, eller ein kan starte med starten. Om det er ei spennande historie, så er det ting i historia som bygger opp spenninga. Er det humoristisk? Eller er det trist?

Det er to utdrag frå manuset i dette studiemateriellet. Det første utdraget er frå starten av stykket (Scene 1). Les gjerne utdraga høgt i klassen, og snakk om kva vi finn ut om handlinga og karakterane gjennom desse utdraga.

- Korleis var handlinga bygd opp i *Tatovering*? Korleis var starten?
- Bygger framsyninga opp mot eit høgde- eller vendepunkt? Var det til dømes spennande eller overraskande på eit tidspunkt?
- Korleis var avsluttinga? Var det overraskande eller naturleg at det slutta på den måten?
- Var det noko som var trist eller morosamt? Snakk om det i klassen.

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering. Likte du framsyninga? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Kven passar ho for, tenkjer du?

Om du vil, kan du også gi framsyninga eit terningkast. Terningkast 6 er det absolutt beste terningkastet. Terningkast 1 er det dårlegaste. Mens terningkast 3 er heilt midt på treet.

Kva synest du?



Språkopdraget er Det Norske Teatret sin podkast om språk.

Det Norske Teatret er ein scenekunstinstitusjon med eit språkopdrag. Vi skal spele teater på nynorsk og norske dialektar for folk i bygd og by. Kvar dag har vi samtalar om språk i korridorane, i prøvesalane og på scenane på teateret. Desse samtalanane vil vi gjerne invitere publikum inn i.

Kva kjenneteiknar ein norsk språkbrukar i 2024? Kva for ord og uttrykk er spesielt gromme i språket vårt? Er det greitt å rette på andre sitt språk? Korleis kan ein skodespelar lære seg så mykje tekst? Er nynorsk eit meir poetisk språk enn bokmål? I Språkopdraget går vi inn i labyrintane i språket på leit etter svar, i folkeopplysinga sitt namn.

Programleiarar er språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk og formidlingsdramaturg Erlend Tårnesvik Dreiås. Produsent for Språkopdraget er Ole Herman Andersen.



Anna Malzer om språk, identitet og å lese seg sjølv på nynorsk

Anna Malzer er regissør og dramatikar, og vart Danmarks yngste teatersjef berre 27 år gammal. I desse dagar har ho permisjon frå teatersjefjobben på Mungo Park utanfor København, for å sette opp sitt eige stykke *Tatovering* på Det Norske Teatret på Rommen.

I denne episoden av *Språkopdraget* fortel Anna om korleis ho har jobba med språket sitt i vaksen alder, først med å legge vekk delar av sosiolekten sin for å gjere seg betre forstått som teaterinstruktør og respektert som teatersjef, og så korleis ho har jobba med å finne tilbake til det eigenleg språket sitt og den eigentlege seg. Ho fortel om korleis det å skrive eigen dramatikkk gjorde ho til ein betre regissør, om det sterke førstemøtet med hennar eigen tekst *Tatovering* i nynorsk omsetjing, og om kva det er ho liker best med å jobbe på norsk.

Vi snakkar også om teateret ho leiar, Mungo Park og om hennar tankar om kva som er godt teater. Vi tar oss også tid til å snakke om forskjellane og likskapane mellom dansk og norsk.

Og når den eine programleiaren har kjøpt inn bollar til innspelinga, får vi oss ein god prat om bolle og andre ord som betyr heilt ulike ting på dei to nabospråka.



Skann QR-koden for å høyre podkasten Språkopdraget

Utdrag frå manus

På dei neste sidene er det utdrag frå manuset til *Tatovering*.

Sånn les du informasjonen som står i manuset:

- Namn som står i versalar (store bokstavar) og feit skrift, betyr at ein karakter seier noko.
- Nokre av replikkane er indre monolog - altså det karakteren tenkjer.
- Tekst som står i kursiv betyr at det er ei sceneanvisning, som seier noko om kva som skjer på scenen. Dette skal ikkje seiast.
- Tekst som står normalt, med små og store bokstavar, skal seiast av skodespelaren.



Utdrag 1 er starten av stykket. Dette er ein indre monolog til rollen som heiter Sara. Snakk saman i klassen om kva sinnsstemning Sara er i når ho tenkjer dette.

Utdrag 2 er frå scene 7, om lag midt i stykket. I skodespelet er det dei to skodespelarane som spelar denne scenen, men i klasserommet kan de dele inn i tre roller (Nana, meg og Ibrahim) og lese det høgt.

Om de ønskjer ei ekstra utfordring, kan de også prøve å spele ut scene 7. Korleis vil de løyse det? Kva føler og tenkjer dei ulike karakterane når dei seier det dei seier? Korleis reagerer dei på det andre seier? Prøv dykk fram!



Dei to skodespelarane
på scenen er Kaia
Varjord og Ellen Bendu.



Utdrag frå manus 1: Scene 1
Norsk versjon til venstre,
dansk versjon til høgre
Rolle: Sara

Norsk manus

SCENE 1

Lyset er sløkt. Begge skodespelarane er på bakscena. Musikken byrjar. Sara går til hjørnet i mørkeret, stiller seg med ansiktet mot spegelen. Nana står bak ytste spegel scene venstre, så ein kan sjå føtene hennar. Nana står stille. Lyset kjem gradvis på medan musikken dempast litt etter litt. Sara snur seg, byrjar å snakke, går til midten av scena, sakte.

SARA

Eg ligg søvnlaus om natta for å finne på berre eitt ord som ikkje handlar om meg og mitt eige, og ein sein nattetime finn eg på noko verdsomspennande, og eg byrjar, og brått kjennest det som å ta på seg ein for liten badedrakt framfor tusen menneske som ser på, heilt til den eine puppen min hoppar ut over badedrakta og alle ler.

Lang pause. Sara går ein liten runde.

Dette skal ikkje handle om meg, men om det no gjorde det, så hadde vi blitt presentert for ei jente

Dansk manus

SCENE 1

Slukket lys. Musik begynner. Sara går ind til hjørnet, front mod hjørne. Nana står bag yderste spejl i KS. Lys fader op, mens musik fader ud. Sara vender sig, begynder at tale, går ind i midten.

SARA

Jeg ligger søvnløs om natten, for at finde på bare ét ord, der ikke handler om mig og mit eget og en sen nattetime finder jeg på noget omverdensagtigt, og jeg går i gang og straks føles det som at tage en for lille badedragt på foran tusind mennesker, der overværer det indtil mit ene bryst hopper ud over badedragten og alle griner.

Lang pause. Hun går lille runde

Det her skal ikke handle om mig, men hvis det nu gjorde, så ville vi blive præsenteret for en pige

i 20-åra, MEG, og vi hadde blitt presentert for den døyande far hennar, som ligg 138 kilometer unna i ei sjukehusseng med blinkande maskiner og blippe-lydar i det framleis falleferdige huset sitt, under sjukehusdyna hadde vi sett brystkassa hans trekke pusten gjennom maskina, vi hadde kjent lukta av magesyre og morfinoppkast. Vi hadde sett at det i oppkøyrsla hans ligg haugar av søppelsekkar som har hopa seg opp gjennom åra, lik ukrainarar eller palestinarar i massegraver, det er hòl i taket, hòl i gardinene, hòl i hugsen til jenta, ho har gløymt når ho var der sist, men besøka hennar kan ein telje på éi hand.

Pause. Sara går ein liten runde.

Han flytta 138 kilometer bort frå ho. Og før han flytta, var han der aldri, bortsett frå på bursdagar (og nokre gongar kom det noko i vegen da, veldig akutt, veldig ergerleg, veldig nødvendig) og det er greitt nok, men det er også ikkje greitt nok, og om eg samanliknar det med å vere eit daudt barn på ei gresk strand, og det gjer eg, eg samanliknar alt med alt, eg gnir smerta mi opp langs andre si smerte heilt til saumane i kleda mine går opp og kleda må bli sydd saman igjen av nokre u-landsbarn, eg kan ikkje skjønne om eg er fødd heldig eller uheldig, og no flyt tinga saman igjen, kva er det som flyt ut av munnvika hans? Og plutseleg døyr han ut av det blå, og dei fekk jo slett ikkje sagt noko som helst av noko som helst om noko som helst og eg trudde at når dei kom til dette punktet, så ville ho komme til å seie noko. Fedrar døyr, og slik er det, og likevel er jo ansiktstrekka våre dei same.

Pause. Tempo.

Eg hadde det som ein bulldogg utan munnkorg, som kunne ha bite heimesjukepleiaren rett i låret fordi ho såg på meg med velferdskommunale auge som forventa at eg burde gråte over tapet av han.

Sara går heilt fram på kanten, ser ned.

Eg er nøydd til å komme i kontakt med ein eller annan som kjenner meg, for elles blir tankane

i 20'erne, MIG og vi ville blive præsenteret for hendes døende far, der ligger 138 kilometer væk i en hospitalsseng med blinkende maskiner og bippende lyde i sit hus der stadig er faldefærdigt, vi ville se hans brystkasse under hospitalsdynen, der stadig trækker vejret igennem maskinen, Vi ville lugte mavesyre og morfinbræk. Vi ville se at der i hans indkørsel ligger bunker af skraldeposer, der har hobet sig op igennem årene som jøder i massegrave, der er hul i taget, huller i gardinerne, huller i pigens hukommelse, hun har glemt hvornår hun sidst var forbi, men hendes besøg kan tælles på en hånd.

Pause. Sara går lille runde. Tempo stiger

Han flyttede 138 kilometer væk fra hende. Og før han flyttede var han der aldrig før hun sov og det er fint nok, men det er også ikke fint nok og sammenligner jeg det med at være et dødt barn på en græsk strand, og det gør jeg, jeg sammenligner alting med alting, jeg gnider min smerte op ad andres smerte indtil syningerne i mit tøj går op og tøjet må syes sammen igen af nogle u-landsbørn, jeg kan ikke finde ud af om jeg født heldig eller uheldig, og nu flyder tingene sammen igen, hvad er det der flyder ud af hans mundvig? Og pludselig dør han ud af det blå og de fik jo slet ikke sagt noget som helst af noget som helst om noget som helst og jeg troede at når de nåede hertil, ville hun sige noget. Fædre dør og sådan er det, og alligevel er vores ansigtstræk jo de samme.

Pause.

Jeg havde det som en bulldog uden mundkurv på, der kunne have bidt hjemmesygeplejeskens lår midt over, fordi hun kiggede på mig med velfærdskommunale-øjne, der forventede at jeg burde græde over tabet af ham.

Sara træder helt frem på spidsen, kigger ned.

Jeg er nødt til at komme i kontakt med en eller anden der kender mig, for ellers bliver tankerne

eg har til sår inni hjernen. Eg blar meg gjennom kontaktlista, og skriv korleis går det til den første på lista

...

Han skriv fint

Eg skriv far min er i ferd med å dø av noko sånn tarmkreft i fjerde stadiet fordi han ikkje ville til legen

Og han skriv

Shit

Eg skriv ja, shit

Og han svarer med ein sorry-smiley

Eg blir aldri van med den måten som eg og folka på kontaktlista mi kommuniserer på.

Sidan han fekk dødsdommen, har eg glodd sånn her på meg sjølv i butikkvindauga, i speglar på offentlege toalett, fordi det er som om ansiktet mitt, som eg plutseleg har fatta at liknar hans, er klistra fast på ei jente eg ikkje anar om er meg.

*Sara går bort i hjørnet,
ser mot spegelen igjen.*

jeg til sår i min hjerne. Jeg gjennombladrer kontaktlisten og jeg skriver hvordan går det til den første på listen

...

Han skriver fint

Jeg skriver min far er ved at dø af noget tarmkræft i stadie 4, fordi han ikke ville til lægen

Og han skriver

Shit

Jeg skriver ja, shit

Og han svarer med en ked-af-det-smiley

Jeg kan ikke komme overens med den måde mig og menneskene på min kontaktliste kommunikerer på.

Siden han fik sin dødsdom, har jeg gloet sådan her på mig selv i butiksruder, i spejle på offentlige toiletter, fordi det er som om mit ansigt der pludselig er gået op for mig ligner hans, er klistret fast på én pige, jeg ikke aner om er mig.

Sara går om til hjørnet.



**Utdrag frå manus 2:
Utdrag frå scene 7.
Roller: Nana, Ibrahim, meg**

Nana dansar vilt og valdsamt. Endar opp ved midtre spegel scene høgre, med armane på spegelen og ansiktet mot det. Lys og musikk blir dempa. Snur seg på lyd-cue.

NANA

Eg er 17, og eg er akkurat komen til eit nach i ei av blokkene, der heisen nokre gongar stoppar i 13. etasje på vegen opp, og eg spyr av å glo på mitt eige spegelbilde.

Oppdagar Ibrahim, blir ertande.

NANA

Ibrahim, heiter han, og han har ei veldig kvit skjorte på seg. Sjukt provoserande å ha på seg kvit skjorte på nach. Kven faen har på seg nystroken skjorte på nach?

Eg søla ikkje på den kvite skjorta di med vilje, seier eg, men det er løgn. Eg liker å søle på framande gutar, for å sjå kva det gjer med dei, om eg kan provosere dei til noko som kan underhalde meg.

NANA

Han seier:

IBRAHIM

Det ser ut som om du har stæbba meg med ein barnebursdag.

NANA

Eg seier:

MEG

Det er vodka i den.

NANA

Han seier:

IBRAHIM

Er du gamal nok til å drikke vodka?

NANA

Eg seier:

MEG

Jebimajku

NANA

Han seier:

IBRAHIM

Kva betyr det?

NANA

Eg seier:

MEG

Pul mor di på serbisk.

NANA

Og så kyssar eg han... på kødd og for å sjå kva det gjer med ansiktet hans.

Eg ser Ibrahim ta ein militærsekk på ryggen før han går. Han skal tidleg opp for å trene, seier han, og eg lener meg ut vindaugget og glor etter ryggsekken, ikkje han, men ryggsekken. Skuffa.

Neste morgon får eg melding frå eit nummer eg ikkje kjenner, og det er føkkings fullt av stavefeil. Han stavar som ein 10-åring. Mi haldning til det er: Føkk han.

Føkk han viss han ikkje kan stave eingong.

Eg hatar gutar som ikkje kan stave.

Kven faen stavar som en 10-åring, når ein er i militæret?

Det heng ikkje på greip.

Nana går til litt framom midten av scena.

Eg inspiserer skapet hans, fordi eg kjedar meg og vil sjå korleis ein sånn ordentleg gut bur, og det heng så mange kvite skjorter der at eg ikkje orkar å telje dei. Ved sida av militæruniformene, som òg er nystrokne, nyvaska. Heilt motsett av alt eg nokosinne har sett i skapet til ein mann.

Lys og lyd skifter. Røyk, Jimi Hendrix. Sara hentar mikrofonen ved ytste spegel scene høgre. Nana hentar slør ved vingen scene høgre og tar på seg stiletta.

NANA
Han seier:

IBRAHIM
Liker du musikken?

MEG
Nei.

IBRAHIM
Kvifor ikkje?

MEG
Det er rock.

IBRAHIM
Det finst annan musikk i verda enn den der ein mann snakkar til ein beat om at han tener fleire pengar og har fleire damer enn ein annan mann.

MEG
Det synest ikkje eg at det gjer.

IBRAHIM
Veit du kvifor Jimi Hendrix ikkje drog i krigen?

MEG
Næ.

IBRAHIM
Veit du kven han er?

MEG
Ja, ja.

IBRAHIM
Du veit at han kunne spele gitar med tennene, ikkje sant?

MEG
Kva krig var det han var med i?

IBRAHIM
Vietnamkrigen.

MEG
OK.

IBRAHIM
Viss han hadde dratt, hadde han sikkert døydd og ikkje blitt verdskjend.

MEG
Mh. Det visste eg faktisk.

IBRAHIM
Kvifor gjer du deg sjølv dummare enn du er?

MEG
Eg gjer meg ikkje dum.

IBRAHIM
Nokre gongar verkar det sånn.

MEG
Han brekte ankelen.

IBRAHIM
Brekte ankelen?

MEG
Ja, han brekte ankelen i eit fallskjermhopp. Far min høyrer på CD-en hans innimellom, når han hentar meg i taxien.

IBRAHIM
Du har ikkje fortalt meg om far din.

MEG
Det er ikkje så mykje å fortelje.

IBRAHIM
Kvifor spelar du dum, når du veit mange ting?

MEG

Eg har aldri møtt ein gut som ikkje liker det.

IBRAHIM

Liker kva?

MEG

Ei jente som ikkje er smartare enn han.

IBRAHIM

Eg liker det.

MEG

Er det nokon sjanse for at du brekker ankelen og ikkje drar?

IBRAHIM

Absolutt ikkje.

// (tidshopp i dialogen, nytt tempo.)

MEG

Skal du ikkje kaste denne ekle skjorta?

IBRAHIM

Næ.

MEG

Kvifor kastar du den ikkje?

IBRAHIM

Fordi.

MEG

Men den er jo nasty.

IBRAHIM

Den er viktig dokumentasjon.

MEG

På kva?

IBRAHIM

På frontalangrepet ditt på meg den gongen.

MEG

Frontalangrepet mitt.

IBRAHIM

Kva om eg vil saksøke deg?

MEG

Saksøke meg?

IBRAHIM

For mordforsøk.

MEG

Kvifor har eg aldri sett deg før?

IBRAHIM

Du har jo sett meg, mange gongar, du har berre aldri snakka med meg.

MEG

Det stemmer ikkje.

IBRAHIM

Du flyg rundt, du ser ikkje halvparten av det som skjer framom auga på deg.

MEG

Kor lenge har du kjend dei andre?

IBRAHIM

Sidan vi var små.

MEG

Kor små?

IBRAHIM

Så små at vi har halde kvarandre i handa på rekke på gata.

MEG

OK.

IBRAHIM

Kor kjenner du dei frå?

MEG

Frå Mc-er'n.

IBRAHIM

Har du jobba på Mc-er'n?

MEG

Nei, eg skulle berre kjøpe Chili dip.

IBRAHIM

Enno ein barnebursdag.

MEG

Det er ikkje min feil at det er billigare.

// (tidshopp, nytt tempo.)

IBRAHIM

Du gjer også nokon ting som får deg til å verke billig. Nokon av dei andre har knulla deg, det er sånn du kjenner dei.

MEG

Ein knullar kvarandre, ein gut knullar ikkje ei jente.

IBRAHIM

Det gjer deg ikkje mindre billig.

MEG

Seier kven?

IBRAHIM

Folk.

MEG

Kven er dei folka?

IBRAHIM

Det har ikkje du noko med, gutane.

MEG

Da har du høyrte feil.

Kvifor stavar du eigentleg som ein 10-åring?

Prøv å stave «krigserklæring» her.

Sjå, du stavar som ein 10-åring.

IBRAHIM

Du veit sikkert like lite om FN som ein 10-åring.

MEG

FN?

IBRAHIM

Sjå, du veit ikkje kva FN er eingong.

MEG

Eg hatar forkortingar for store ting som burde forklarast og ikkje forkortast.

IBRAHIM

Men du liker Mc-er'n?

MEG

Det veit ein kva er.

IBRAHIM

Skal vi ta ein taxi dit?

MEG

Men vi er jo akkurat komne hit.

IBRAHIM

Vi kan berre ta ein taxi dit.

MEG

For å kjøpe Chili dip?

IBRAHIM

For å kjøpe Double Big Tasty. Og så tar vi taxi heim igjen.

MEG

Eg elsker taxi og Double Big Tasty.

IBRAHIM

Eg elsker deg.

// (tidshopp, nytt tempo.)

MEG

Serbar?

IBRAHIM

Er du ikkje serbar?

MEG

Frankrike, mor mi er fransk.

IBRAHIM

Var ikkje ho serbar?

MEG

Hæ?

IBRAHIM

Var ikkje du serbar?

MEG

Far min er serbar.

IBRAHIM

Mor di er fransk, og far din er serbar.

MEG

Yes.

IBRAHIM

Og kva er du?

MEG

Serbar, fransk.

IBRAHIM

Okei.

MEG

Eg er ikkje serbar, eg sa det berre for å få kome inn på klubben. Dørvakta er serbar.

IBRAHIM

Er mor di fransk?

MEG

Kanskje.

IBRAHIM

Og far din var norsk?

MEG

Øh, ja.

IBRAHIM

Det heng ikkje på greip.

MEG

Jo, det gjer det.

IBRAHIM

Kor gamal er du? Dei andre seier du er yngre enn du seier.

MEG

Eg er litt yngre enn deg.

IBRAHIM

Du er fire år yngre enn meg, ikkje sant?

MEG

Ikkje heilt.

IBRAHIM

Seriøst, kor gamal er du? Dei andre seier du er

MEG

18

IBRAHIM

18 minus to år.

MEG

Ja.

IBRAHIM

Så eg er saman med ei jente på 16.

MEG

17, eg blir snart 17

IBRAHIM

Du må ikkje ljuge, det sjukt å ljuge om dei tinga der no.

MEG

Men eg kan ikkje noko for at eg føler meg som ei jente på 18.

//

IBRAHIM

Du gjer også nokre ting som gjer at du verkar billig.

MEG

Eg er ikkje billig.

IBRAHIM

Folk seier du er det.

MEG

Kven seier det?

IBRAHIM

Folk.

MEG

Og kven er dei folka?

IBRAHIM

Det har ikkje du noko med, gutane.

MEG

Da har du høyrte feil.

LOOP spelar høgt. Nana snur seg mot publikum. Sara snur seg mot hjørnet og går mot hjørnet. LOOP blir lågare.

NANA

Eg synest at dei 46.342 kr. hans i månaden gjer det verd det. Eg gler meg til å sende brev til han. Der eg kan skrive «hei, kjære guten min» Og eg gler meg til å vise han fram til sjalu veninner.

Den uniforma er så sexy. Han skal knulle meg på madrassen på golvet sitt når han kjem heim. Han ser på meg med verdigheit når han knullar meg.

Eg trur han drog på grunn av dysleksi.

Pengar. Fordi jentene seier at det er vakse og maskulint og ansvarsfullt.

Men eg veit ikkje.

Han skal berre vere borte i tre månader til å byrje med.

Det går fort.



Frå New York til Verdalen

Bærumsjenta Ellen Bendu måtte gå omvegen om både psykologi, administrasjon og leiing og New York før ho fann ut at ho berre måtte satse på skodespelaryrket. No er ho klar for rolla som jenta i *Tatovering*, som nærast er hennar rake motsetnad. Men sjølvstendige og tøffe, er dei begge to.

- Du ringjer, og eg set meg på første flyet, om du treng meg. Det var det siste far til Ellen sa da han drog heim til Noreg etter å ha følgt henne til New York, der ho budde i tre år. Denne setninga vitnar om ein far som både er til stades og nær, og det bekreftar ho:
- Eg har ein pappa som har vore heilt utruleg involvert i livet mitt, og det har vore veldig trygt, seier Ellen og eit varmt smil breier seg i ansiktet hennar.

Ungdomstid utan rammer

No skal Ellen Bendu spele den vaksne versjonen av hovudkarakteren i framsyninga *Tatovering*. Faren til jenta ho skal spele er døyande, og ho innser plutseleg at ho aldri har kjent han, og det kjennest sterkt vemodig. Samtidig har ho ein del traume frå oppveksten som ho ikkje har tatt tak i. Far til jenta har vore av typen som verken ringjer eller tek telefonen når ho ringjer. Ikkje har han ekstra dyne så ho kan overnatte, heller. Og han har definitivt ikkje følgt med på kva ho har gjort i livet.

- Eg-karakteren har levd ganske grenseoverskridande, seier Ellen.

Den yngre utgåva av jenta, som i framsyninga blir spelt av Kaia Varjord, går over både egne og andre sine grenser, både når det gjeld sex og rus.

- Når ein ikkje har vaksne rundt seg som set grenser og rammer, så kan ein ende opp med å teste kor langt ein kan pushe det for å få ein reaksjon. Før nokon bryr seg, forklarar skodespelaren.

Jenta Ellen skal spele, er av den typen som tidleg har måtta klare seg sjølv. Ho er vaksen opp i ei blokk på noko som nok er austkanten av Oslo, ein stad der språket og omgangsmåten er farga av at folka som bur der har bakgrunn frå mange hjørne av verda. Sjølv har skodespelar Ellen hatt trygge rammer med familien rundt seg på den vestlege sida av Oslo, nærare bestemt på Ullern og i Bærum.

- Da eg var ungdom var det heilt uaktuelt å henge på austkanten. Vi syntest til og med det var litt ... skummelt, seier ho, og nærast skammar seg.
- Eg hugsar at jentene frå austkanten var mykje hardare enn oss jentene frå vest. Dei skulle vi ikkje yppe med, liksom, seier ho og ler.

Frå cheerleading til teater

I barndomen og ungdomsåra dreiv Ellen med både dans og cheerleading. Å showe og vise seg fram var noko ho tidleg likte godt. Gneisten for teater blei ikkje tent før ho året etter vidaregåande tok psykologi i Bergen og enda opp som både skodespelar og sjef i studentrevyen. Da sa det `Pang´!

Etter studia i Bergen drog Ellen eit år på Solborg folkehøgskole i Stavanger, der ho fekk enda meir smaken for drama og teater. Likevel stod det å jobbe med teater fram som ein urealistisk og noko ufornuftig draum. Derfor gjekk turen til Berkeley College i New York med studium i administrasjon og leiing.

- Far min sa at: «Du tapar jo ikkje noko på å ha det på CV-en.»

Så da blei det tre år i New York for tjueein år gamle Ellen. På dagtid var det studiar, men ettermiddagane og kveldane gjekk med til å gå på open mic, stand up, auditionar og skodespelarkurs. Da ho fortalde faren at ho vurderte å droppe siste året, blei han streng og sa at jo, ho måtte fullføre.

- Det året talde eg eigentleg berre ned dagane til eg skulle dra heim, fortel Ellen.

Ho hadde innsett at det var teater ho ville halde på med, og da siste eksamen var levert drog ho ikkje på fest – men rett heim til foreldra i Bærum og søkte teaterutdanninga ved Høgskolen i Nord-Trøndelag, og kom rett inn.

Tre år i New York med festing og organisasjon blei etterfølgt av tre år i Verdalen med teater, teater og meir teater.

Å reflektere over eige liv

Ellen Bendu blei uteksaminert frå Høgskolen i Nord-Trøndelag i 2018, og

har sidan vore med i fleire teateroppsetjingar, i tillegg til TV-seriar, som *Blodtur*, *Basic Bitch*, *Hvite gutter* og *Nach*. Somme tider er ho også med på improscenen Det Andre Teatret. Når ho for første gong skal stå på scenen på Det Norske Teatret, er det på Rommen Scene, i ein del av byen som nok hadde kjentest som heime for karakteren ho skal spele.

- I mitt liv tenkjer eg ikkje så mykje over dette med aust og vest lenger, og har venner frå alle kantar av Oslo. Men eg har jo venninner som eg er spent på om vil komme, seier Ellen og ler, men legg kjapt til at:
- Joda, dei vil nok det.

Nokre som heilt sikkert vil komme, er både far og mor til Ellen, som har følgt henne tett gjennom heile livet.

- Eg håpar publikum kjem til å le litt, gråte litt, og gå ut frå teatersalen og kjenne at ein er blitt litt betre kjent med eit anna menneske, og gjennom det også ha reflektert litt over sitt eige liv, avsluttar ho.